



TYSNES KOMMUNE

Etiske retningslinjer

Rullering i kommunestyret 10. juni 2009
Rullering i kommunestyret 10. april 2018
Rullering i kommunestyret 24. september 2020

Innhald

1. Om dei etiske retningslinene.....	2
2. Grunnprinsipp	2
2.1 Omsyn til innbyggjarane.....	2
2.2 Omsyn til kommune sitt omdømme	2
3. Handsaming av kommunen sine egedelar og midlar	2
4. Innkjøp	3
4.1 Overordna	3
4.2 Miljø og klima	3
4.3 Menneskerettar	3
4.4 Arbeidsforhold og sosiale forhold	3
4.5 Korrupsjon, korrupsjonsliknande forhold og uetisk framferd	3
5. Open handsaming	3
5.1 Opne prosessar	3
5.2 Aktiv opplysningsplikt.....	4
5.3 Informasjonsansvar på vegne av kommunen	4
6. Tillit til forvaltninga.....	4
6.1 Habilitet	4
6.2 Verv og stilling utanfor kommunen.....	4
6.3 Personalmessige tilhøve.....	4
6.4 Mynde/fullmakter	5
6.5 Mottak av gåver og andre fordeler	5
7. Intern kultur	5
7.1 Kultur på arbeidsplassen.....	5
7.2 Tilsette sin yringsfridom.....	6
7.3 Varsling av kritikkverdige forhold	6
8. Iverksetjing og ansvar	6
8.1 Rådmannen	6
8.2 Einings leiarar	7
8.3 Tilsette og folkevalde	7



1. Om dei etiske retningslinene

Etikk i Tysnes kommune handlar om at me skal kunne stå for dei vala me gjer i jobbsituasjonen. Retningslinene skal skapa tryggleik og eit felles grunnlag for dei verdivala som må gjerast i kommunen si teneste. Dei skal verke til å styrkja innbyggjarane sin tillit til politiske organ og tilsette i Tysnes kommune.

Retningslinene gjeld folkevalde og tilsette. Retningslinene gjeld og for dei som utfører faste oppdrag på vegne av Tysnes kommune.

2. Grunnprinsipp

2.1 Omsyn til innbyggjarane

Den einskilde skal ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, streva for lik handsaming og opptre med respekt i møte med den einskilde innbyggjar.

2.2 Omsyn til kommune sitt omdømme

Den einskilde skal utføra sine oppgåver og opptre på ein slik måte at det ikkje skadar kommunen sitt omdømme.

3. Handsaming av kommunen sine egedelar og midlar

Den einskilde skal verka til å ta vare på kommunen sine ressursar på ein økonomisk forsvarleg måte, og skal ikkje misbruka eller sløsa med kommunen sine midlar.

Kommunen sitt utstyr skal berre nyttast i kommunen si teneste. Bruk utanfor tenesta skal vera avtalt og einkvar slik avtale ska være open for ålmenta sin kontroll.

Ei rasjonell og effektiv handsaming av kommunale midlar og egedelar skal alltid vegast opp mot dei etiske grunnprinsippa i punkt 2.



4. Innkjøp

4.1 Overordna

Tysnes kommune skal innordna innkjøpspraksisen slik at den sikrar at kommunen opptrer med integritet, og at ålmenta har tillit til at innkjøp vert gjort på ein samfunnstenleg måte.

4.2 Miljø og klima

Innkjøpspraksisen skal innrettast slik at den bidreg til å redusera skadelege miljøverknader, og skal fremja klimavenlege løysingar der dette er relevant. Det skal m.a. takast omsyn til livssyklusluskostnader.

4.3 Menneskerettar

Tysnes kommune skal stilla krav i kontraktar om at leverandørar fremjar grunnleggande menneskerettar.

4.4 Arbeidsforhold og sosiale forhold

Tysnes kommune skal stilla krav om at leverandørar til kommunen følgjer relevante reglar om gode løns- og arbeidsvilkår, og at leverandørar anerkjenner og sikrar retten til organisasjonsfridom og legg til rette for kollektive forhandlingar. Kommunen skal elles krevja at leverandørar ikkje nyttar nokon form for tvangs- eller barnearbeid, at leverandørar ikkje diskriminerer basert på etnisitet, religion, kjønn, seksuell orientering, politisk tilhøyre m.m. Tilsette hjå leverandørar skal ha eit sunt og sikkert arbeidsmiljø i samsvar med internasjonale standardar og nasjonal lovgjeving.

4.5 Korrupsjon, korrupsjonsliknande forhold og uetisk framferd

Kommunen skal ha eigne rutinar som bidreg til å avdekka og hindra korrupsjon og korrupsjonsliknande forhold samt andre formar for uetisk framferd i samband med innkjøp.

5. Open handsaming

5.1 Opne prosessar

Forvaltning og politiske prosessar skal vera opne og gje innsyn, slik at ålmenta kan gjera seg kjend med kva kommunen driv med og korleis dei skjøttar sine oppgåver.

Fortruleg informasjon må respekterast og ikkje misbrukast.



5.2 Aktiv opplysningsplikt

Offentleg tilsette har ei generell aktiv informasjonsplikt som skal virka til å støtte opp om innbyggjaranes demokratiske deltaking, og for å imøtekomme ulike grupperes trong for informasjon om pliktar, rettigheter og moglegheiter.

Den einskilde tilsett har ei plikt til å alltid gje korrekte og tilstrekkelege opplysningar til innbyggjarar og til andre aktørar. Det inneberer ved nokon høve at ein uoppfordra skal gje naudsynte informasjon som kan være av betydning for handsaming av ein sak.

5.3 Informasjonsansvar på vegne av kommunen

Alle tilsette kan gje faktaopplysningar om eige arbeidsfelt så langt desse ikkje vert omfatta av lovfesta teieplikt.

Ordførar, varaordførar og rådmann har generell fullmakt til å gje opplysningar om alt som gjeld kommunen sitt verkeområde.

6. Tillit til forvaltninga

6.1 Habilitet

Folkevalde og tilsette skal opptre på ein måte som ikkje er egna til å svekke tilliten til at dei er upartiske.

Dersom personlege interesser kan påverka avgjerdsla i ei sak, eller dersom andre kan ha grunner til å tru at slike interesser kan verta påverka, skal ein ta dette opp.

6.2 Verv og stilling utanfor kommunen

Tysnes kommune har vedteke å innføra registrering av styreverv, økonomiske interesser og liknande for medlemmer av kommunestyret, rådmannen og etatsjefar og økonomisjef.

Tilsette kan ikkje utan løyve frå arbeidsgjevar ta anna løna arbeid som vil være av slikt omfang at det kan gå ut over arbeidsytninga i kommunen. Det same gjeld ekstraarbeid som kan svekkja innbyggjarane si tillit til ei upartisk handsaming.

6.3 Personalmessige tilhøve

Det vil være i strid med avtaleverk og ulovfesta rettsprinsipp å vurdera slektskap eller relasjon ved tilsetjing. Det bør likevel tilstrebast at tilsette med nære relasjonar ikkje arbeider ved same eining. Dette gjeld særskild i eit over-/underordna forhold.



6.4 Mynde/fullmakter

Det mynde eller dei fullmakter den einskilde har gjennom tillitsverv eller stilling må nyttast til beste for innbyggjarane og i samsvar med kommunen sine mål, og ikkje for eiga vinning eller for å fremja personlege interesser.

6.5 Mottak av gåver og andre fordelar

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan koma til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Ein må takka nei til følgjande:

- Materielle gåver. Dette gjeld likevel ikkje gåver av verdi under kr. 500,-, som reklamemateriell, blommar o.l.
- Personlege rabattordningar i samband med den verksemda ein utfører for kommunen. I den grad ein skal kunna nytta godt av slike ordningar, skal desse vera tilgjengelege for alle medarbeidarane i kommunen og vera tufta på eit kundeforhold kommunen allereie har.
- Å få dekkja reise og opphaldsutgifter av andre enn kommunen, utan at dette er nærare avklart med rådmannen.

Moderate former for gjestmilde og representasjon kan høyra med ved samarbeid og informasjonsutveksling. Omfanget av slik merksemd må likevel ikkje utvikla seg slik at avgjerdsprosessen vert påverka, eller andre kan få grunn til å tru at ei slik påverking skjer.

Ved testamentariske disposisjonar til fordel for folkevalde eller tilsette eller tilbod om slike, samt gåver som har verdi over kr. 500,-, skal det takast kontakt med næraste overordna.

Mottekne gåver skal returnerast rette vedkomande saman med eit skriv som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.

Folkevalde eller tilsette skal heller ikkje gje tilbod om gåver eller andre føremoner, som er eigna til, eller er meint å påverka mottakaren sine handlingar.

7. Intern kultur

7.1 Kultur på arbeidsplassen

I Tysnes kommune skal me omgås kvarandre med respekt. Alle tilsette har rett på å verta behandla med respekt og føla seg verdsett. Mobbing og maktmisbruk skal ikkje tolererast.

Tilsette i Tysnes kommune har plikt til å medverke aktivt i arbeid med å skape eit arbeidsmiljø kor konfliktar vert handsama på ein open, ærleg og konstruktiv måte, og medverka til å førebyggja destruktive formar for konflikt.

- Me skal førebyggja uønskt oppførsel med openheit.

- Me skal ha ein kultur der alle får utføra jobben sin utan risiko for krenkelsar.
- Me skal ha ein kultur der me er bevisst at me er på jobb, også i sosiale settingar. Me byggjer omdøme for arbeidsstaden vår også når me til dømes er på julebord eller seminar.
- Me skal jobbe for ein kultur der det er greitt å sei ifrå, og der ein vert teken alvorleg.
- Personar i leiande stillingar og maktposisjonar skal vise særleg varsamheit.

Uønskt oppførsel skal varslast i samsvar med varslingsrutina.

7.2 Tilsette sin ytringsfridom

Kommunalt tilsette har rett til å uttala seg offentleg om kommunen si verksemd, så fram det ikkje er i strid med lovpålagt teieplikt.

Når tilsette nyttar seg av retten til å uttala seg innan eige fagområdet skal det komme tydelig fram at det er ei personleg ytring, eksempelvis skal det ikkje nyttast stillingstittel, brevlogo, kommunen sin e-post eller tilsvarande.

Som tilsett og folkevald i Tysnes kommune er du med på å byggja Tysnes kommune sitt omdøme, også som privatperson.

Du må gjerne omtale Tysnes kommune, men ikkje gje deg ut for å vera ein representant for kommunen når du er aktiv som privatperson. Tysnes kommune sitt omdøme er avhengig av at de er klar over kva rolle du til einkvar tid har.

Ytringsfridom må vurderast særskilt i høve til lojalitetsplikt for leiarar som vert oppfatta å snakke på vegne av verksemda, eller som har informasjonsansvar for verksemda.

7.3 Varsling av kritikkverdige forhold

Alle tilsette skal lojalt gjennomføre kommunale vedtak, men kan også etter at vedtaket er gjort kunne påtala kritikkverdige tilhøve eller utilsikta konsekvensar. Varsling av kritikkverdige tilhøve skal følgje rutine for intern varsling.

8. Iverksetjing og ansvar

8.1 Rådmannen

Rådmannen skal leggja til rette for at dei etiske retningslinene vert gjort kjent for tilsette og folkevalde i Tysnes kommune, og at leiarar på alle nivå er kjent med innhaldet. Tilsette skal gjerast kjent med retningslinene ved tilsetjing og det vert utarbeida opplæringsmateriale som skal nyttast ved årlig oppfrisking i einingane.



8.2 Einingsleiarar

Einingsleiarar har eit særskilt ansvar for å følgje opp at medarbeidarane er kjent med dei etiske retningslinjer. Det er forventa at leiarar på alle nivå utfører sitt arbeid i samsvar med dei etiske retningslinene.

8.3 Tilsette og folkevalde

Den einskilde skal følgja rettslege reglar, etiske retningslinjer, politiske- og administrative pålegg som gjeld i verksemda.

Den einskilde sin lojalitet fører ikkje til plikt til å følgja pålegg om å gjere noko ulovleg eller noko som er i strid med etiske retningslinjer.

Den einskilde har plikt til å gje melding om tilhøve i strid med lov eller etiske retningslinjer, i tråd med varslingsrutinen.

